

# HYRDINGEN



NR. 3

Juni 2017

ÅRGANG 59

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

## God pinse



**Pinsa – Kyrkja sin fødselsdag**

I pinsa kom Den Heilage Ande til dei som trudde på Jesus.

Illustrasjon: Svenn A. Hansen

*Imsland kyrkje - Fellesgudsteneste Kristi Himmelfartsdag*



### Sideoversikt:

Presten har ordet	2
Friluftsgudsteneste på Refsnes i Vats	2
Redaksjonspennen	3
Kasserar i 35 år	3

Ølen-Bjoa sokneråd	3	Ølen kyrkjegard	8
Portrettet: Arild Urdal	4	Frå kyrkjboka	9
Sandeid kyrkje	5	Gudstenester	10
Konsert: Tom Roger Aadland	6	Møter og kungjeringar	11
Konfirmantbilete 2017	6	Famileshow	12
Liv og død	8	Vennekonsert	12



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje  
Postboks 6, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tysdag kl. 9 – 11 og torsdag  
kl. 14.00 – 15.30, elles etter avtale.

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,  
Pb. 6, 5574 Skjold.  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal  
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### **Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:  
Mobil: 952 46 234

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

##### **Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

## **Presten har ordet**

Prostiprest Eldbjørg Andreassen



# **Gjennom stengde dører**

*Pinsetekst: Joh. 20, 19-23*

**Har du vore redd? Sint? Motlaus? Utrygg? Så full av onde kjensler at det ikkje vart plass til mykke anna? Sjel og sinn og hjarte bak stengde dører.**

Same dag som Jesus sto opp av grava, og engelen hadde sagt til læresveinane at deira ven og lærmeister hadde vunne over døden, skulle ein tru det var fest og feiring som gjaldt.

Men nei. Det hadde ikkje gått inn, eller verkeleg endra noko. Dei var framleis redde, utrygge; sikkert motlaus - og kanskje også sinte på han som berre vart borte?

Dørene var framleis stengde – både på det indre og ytre planet.

Då kom han! Jesus. Brått var han der – gjennom alt som var stengt.

«FRED VERE MED DYKK!» Ikkje glede, eller mot, eller kraft, men FRED!

Midt i einsemd, uro og høge skuldre – så annleis enn «Slapp av, dette går bra!»

Fred – eg er her framleis. De er ikkje åleine. Framtida er ikkje avlyst.

Han hadde sagt det til dei for nokre dagar sidan, utan at dei heilt forsto: «Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjarta dykkar uroast og ver

ikkje motlause!» (Joh. 14,27).

No sa han det på nytt. I fred sende han dei ut på oppdrag som apostlar, og «med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot den heilage ande!»».

Jesus: Eg blir med vidare – sjøl når de ikkje lenger ser meg. I fred, i mitt namn og med Guds ande i og rundt dykk, er de no fullt utrusta! I mitt namn og med Guds ande, vil det henda store ting.

Det gjorde det! 3000 trudde og vart døypet den første pinsedagen, og sidan har millionar på milionar tatt imot frelse og fred, framtid og håp.

Er du inne bak stengde dører – i livet slik det kjennest no?

Du er ikkje åleine. Du er ikkje gløymd. Vår Gud treng ikkje dine nøklar for å ta seg fram til deg.

Han kjem seg fram overalt, han elskar deg meir enn alt, og «Guds fred, som går over all forstand, skal vare dykker hjarte og tankar i Kristus Jesus» (Fil. 4,7).

God pinsetid!

«Min gjenløser lever, jeg vet at han lever, skjønt verden har sagt han er død.

Og intet skal skille mitt hjerte fra Jesus – ei engler, demoner og nød.

Ja, ansikt til ansikt, i klarhet og jubel, i varme og friskhet og glans

vi lever med Herren, vår dypeste lengsel. Da er vi i evighet hans!» (NoS 211/Job 19, 25-27)

## **Friluftsgudsteneste på Refsnes i Vats**

### **11. juni kl. 11:00**

Sidan 1986 har det vore laga til friluftsgudsteneste på Refsnes i Blikrabygda. Mange gonger har det vore dåp. Refsnes er ein nydeleg plass ved vatnet, og også ein historisk plass. Det er speidarane som riggar til klokketårn, flagg, kors, talarstol, og døypefont viss det skal vera dåp. Etter gudstenesta blir det grilling av medbrakt, og gratis bålkokt kaffi. Det

blir høve til å bada, prøva kanoane, eller vera med på ymse leikar eller konkurrsar. Ein sosial dag med andre ord.

Me vil gjerne dela denne dagen med andre, og inviterer med dette folk frå heile kommunen til gudsteneste på ein triveleg plass med eit triveleg opplegg. Kle deg etter veret, ta med noko å sitja på. Velkommen store og små.

# Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

## Skal vi ha fri nå igjen?

Dei fleste veit nok at den kristne kyrkja feirar jul til minne om at Jesus vart fødd. Ikkje alle har fått med seg at vi feirar påske til minne om at Jesus tok straffa for alt det gale vi menneske har gjort, då han døydde på krossen, sigra over døden og stod opp igjen. Men kvifor feirar vi Pinse?

Pinse er den tredje store høgtida i den kristne kyrkja og vert alltid feira 50 dagar etter påske. Pinsa markerer at Gud sende talisman sin til jorda: Den Heilage Anden. Peter og dei andre disiplane var både redde og umotiverte etter at Jesus hadde forleite dei og reist tilbake til himmelen. Men då Den Heilage Anden kom, fekk dei ny kraft. Den første kyrkjelyden blei danna i Jerusalem og heirfrå har evangeliet spreidd seg til heile verda. Den Heilage Anden er Guds ånd – den tredje personen i guddommen.

I dåpen får vi menneske Den Heilage Anden. Når presten har døypt barnet, seier han: «Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd».

Så feirar vi pinse med helg, høgtid og fri, - og takkar for Guds gåve.



Utegudsteneste på Refsnes -ein årleg tradisjon.

# Kasserar i 35 år

Av Anne Margrete H Gregersen

På årsmøtet i Ersland bedehus i februar vart både årsmelding og rekneskap lagde fram og godkjende.

Årsmøtet fekk orientering om at kasserer gjennom 35 år, no ville trekka seg frå vervet. Den trufaste kasseraren gjennom alle desse åra har vore Trygve Sandvik, som før var busett i Erslands-krinsen gjennom over 40 år. Han har i alle år vore trufast på bedehuset, både i styret og som kasserer. No når han har flytta til Knaphus, fann han tida inne til å takka for seg. Han har hatt eit stort arbeid, det siste året, med å samla vedtekter og lover for bedehuset i eit dokument som nå må registrerast i Brønnøysunds-registra. Dokumentet vart einstemmig vedteke av årsmøtet.

Trygve vart takka av for trufast og godt arbeid av nåverande formann Harald Dagsland, og vart overrekt både blomar og ei lykt for godt arbeid og samarbeid. Hjarteleg takk!



Trygve Sandvik



Foto: Trygve Sandvik

**Ølen - Bjoa Sokneråd:** Soknerådet på bedehustrappa på Bjoa. Frå venstre: Arnfinn Vølstad, Agnar Naustdal, Leiv Karsten Medhaug, Aud Wenche Klungland, Kari Vik Stuhaug, Siri Djuve, Olav Granberg, Helene Paulsen, Per Ølfarnes. (Arnfinn Vølstad er varamann for Odd Johannes Lien).

Av: Per Ølfarnes

For sokna Ølen og Bjoa, er det spanande tider. Der er tilsett ny prest, og det er ein del nye tankar og idear i arbeidet som vert vurdert.

Det er fortsatt relativt nytt med felles sokneråd for Ølen og Bjoa, mange oppgåver må få ei ny form. Diakoni, gudstenestefellesskap, konfirmantarbeid og trusopplæring er saker som vert hyppig arbeidd med.

# PORTRETTET: Arild Urdal, Øvre Vats

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

**Arild Urdal er og har vore ein aktiv mann i kyrkje- og bedehusmiljøet i Vats. Han har vore med på det meste som skjer i dette miljøet.**

På bedehuset i Blikrabygda har han vore formann og styremedlem i mange år, I Vats sokneråd har han vore med i 3 periodar, der han var formann i ein periode. På Øvre Vats bedehus er han varamedlem til styret, og han har hatt eit særskilt ansvar med møteleiing og det som føregår på bedehuset både ute og inne. Nyleg vart han tilsett som kyrkjetenar i Vats sokn, og når kyrkjeklokkena kallar inn til gudsteneste er det Arild som syter for ringinga.

## Oppvekst og utdanning

Kven er så denne Arild? Kvar kjem han frå, og korleis gjekk det føre seg at han hamna i Vats? Hyrdingen har hatt eit intervju med Arild, og han kan fortelja følgjande: "Eg er fødd i 1954 og oppvaksen i Sokndal kommune, og eg kjem frå ein gard som heiter Indre Evje. Skuletida mi hadde eg dei tre første åra på ein liten Barneskule (Parak), og resten av grunnskulen gjekk eg på Sokndal barne- og ungdomsskule der eg også gjekk det tiande skuleåret. Det er frå heimegarden og Sokndal eg har barndomsmenna mine".

Men Arild måtte ha meir utdanning. Som 16 – åring reiste han frå kommunen, og han søkte seg inn på idrettslinja på Kvås folkehøgskule i Lyngdal (ein av Misjonssambandet sine folkehøgskular). På Kvås skjedde det noko som fekk betydning for heile livet. Han overgav seg til Jesus, og det vart naturleg for han å sökja djupare inn i den kristne læra. Difor vart fire månader på bibelskulen på Fjellhaug i Oslo neste etappe. Men før han byrja der var han vaktmeisterassistent på Tryggheim folkehøgskule på Nærbø i eit halvt år. På Fjellhaug fekk han den kjende salmeforfattaren Trygve Bjerkreim som lærar. Han hugsa også at han klypte plenen til Trygve Bjerkreim sommaren etter bibelskulen.



## Sjåføren og arbeidsmannen Arild

Arild som var den nesteldste i ein syskenflokk på sju, var tidleg med på arbeidet på garden, og etterkvart som han voks til måtte han sjå seg om etter arbeid også utanfor garden. Det vart småjobbar i førstninga så som mellom anna spannalempar på mjølkeruta, og etter han flytta ut, vart det lengre arbeidsperiodar. Han var nattevakt på Fjellhaug bibelskule for Norsk vakselskap (Securitas), og han var også vaktmeister på skulen etter han slutta. Det vart også ein ny tur til Nærbø der han arbeidde som murar.

I militæret tok han sertifikat for lastebil, og han var den første som henta tankmjølk i Sirdal, der han var sjåfør i eit snautt år. Deretter arbeidde han på Bryne hjå ein som dreiv med grønsaker, og han køyrdé på frosne grønsaker rundt omkring i Sør – Noreg. I det heile fekk Arild ei god innføring i mange yrkesgreiner, og han var aldri redd for å ta eit tak.

## Kjærleik og bonde

Året på Kvås folkehøgskule førte ikkje berre med seg at Arild fekk ei ny rettesnor for livet. Gjennom dei mange kjennskapa og venskapa både i skulemiljøet og ved seinare kontaktar med opphav i skulemiljøet på Kvås, dukka det opp ei jente frå Vats som også hadde kontaktar i dette miljøet. Jenta heitte Marta Alida Flesjå, og familien hennar budde i Vats og dreiv gard der. Kjenskapet med Marta utvikla seg til venskap, og dette førte til at Arild og Marta gifta seg i 1978.

Som nygifte budde dei på Klepp

stasjon på den gamle iskremfabrikken til Jårvik der Arild var med i produksjonen av ferske grønsaker. Men dei vart ikkje så lenge buande på Klepp for etter ei tid fekk Arild jobb som bussjåfør i Sokndal, og Marta fekk jobb på sjukeheimen der. Heller ikkje dette arbeidsopplegget vart noko langvarig, etter eit lite år kom tilbodet om vaktmeister på Trygheim, og Arild sa ikkje nei. Her vart dei verande, men også her vart opphaldet eit års tid. Då kom det føresprunad frå mor til Marta som var enke, om dei kunne koma heim og overta garden. Og slik gjekk det til, kort tid etter vart Arild bonde i Blikrabygda.

## Kristent arbeid i soknet

Som nemnt innleiingsvis har Arild gjort eit betydeleg arbeid innan det friviljuge arbeidet i kyrkja og på bedehusa i Øvre Vats. Sjølv om gjennombrotet for den kristne bodskapen kom på folkehøgskulen, var ikkje Arild ukjend med forkynning, bedehus og kyrkje. Han voks opp i ein kristen heim der faren var søndagsskulelærar, og bedehusmiljøet lærte han tidleg å kjenna. Det er hans ønske og mål å få vera med å spreia den glade bodskapen om den gode hyrden anten dette skjer ved forkynning, song eller innsamling av midlar til evangelisering. Han har alltid lika song og musikk, og han har vore med i ulike musikklag både i Vats og andre stader.

Arild ser ikkje noko motsetning i det arbeidet som skjer i kyrkja eller på bedehuset. Han meiner me har bruk for dei begge. Men han er noko uroa over det som skjer i kyrkja for tida i samband med homofilispørsmålet. For han er giftarmålet mellom mann og kvinne det einaste rette som har dekning i Guds ord.

Dei mange praktiske arbeidssituasjonar som Arild har vore borti, har gjort at han er ein ettertraka mann til alt vedlikehaldsarbeid på bedehusa anten det er ute eller inne.

## Andre gjeremål

I 2011 selde dei garden i Blikrabygda ettersom ingen av borna

# Reparasjon Sandeid kyrkje

Av: Inghart Lasse Tveit

Etter lynnedslaget i Sandeid kyrkje natt til 5. april er me nå klar til å starta opp reparasjonsarbeidet. Sjølv om me skal vera takksame for at kyrkja ikkje vart totalskadd vil det likevel vera eit omfattande arbeid før kyrkja er i vanleg god stand. Reparasjonen vil i hovudsak vera knytt til tårnkonstruksjonen. Dessutan vil det elektriske anlegget sjølvsgart verta gjennomgått og reparert der dette er naudsynleg. Etter anbodsrunde i regi av forskringsselskapet er tømrarbeidet tildelt firma Kalstveit & Vik. Helgevold Elektro har fått ansvar for det elektriske anlegget. Arbeidet tek

til straks og ein reknar med at dette i det alt vesente vil vera ferdig i månadsskiftet juni/juli – slik at kyrkja i alle fall vil kunna takast i bruk frå dette tidspunktet.



Dugnad Sandeid kyrkje 9 mai for å rense opp glass og skifer som var sprett over stort område før gressklipping. Dugnadsgjengen. Fra venstre Toralf Stople, Gurine Vestbø, Gudmund Bjørkhaug, Leiv Larsen, Aslaug og Erik Østbø. Innsendt av Johan Georg Vestbø.

ville overta, og han og kona flytta til nytt hus i Knapphusgrenda. Men alt i 1995 byrja han med flising, og dette auka berre på gjennom åra. I tillegg til gardsdrifta hadde han også deltidjobb som lastebilsjåfør hjå Nesheim A/S i fleire år. Han har også køyrd for Magnus Sørhus og Krakk transport.

I dag tek han oppdrag med traktor og fliskuttar rundt om kring i distriket eller han kører mjølkebilen. Arbeidar

gjer han til langt på kvelden til sine tider. Arild er ein utruleg ivrig mann når det gjeld arbeidet med fliskutting. Han har pågangsmot og engasjement, og han er ein triveleg kar.

Arild er no 64 år, men det er ingen ting som tyder på at han har nokon tanke om å pensjonera seg dei første åra. Han har stor arbeidskapasitet, og han gler seg over å få arbeida anten det er på det næringsmessige eller det åndelege området.



## Tom Roger Aadland Konser

Av Brit Nelly Ness Tveit

**Vel 80 personar som hadde ei flott konsertoppleving med Tom Roger Aadland i Vikebygd kyrkje torsdag 4.mai. - Ein unik kveld med eit unikt repertoar, slik introduserte musikaren sjølv konserten.**

Tom Roger er særleg kjend for å gjendikte Bob Dylan sine låtar til nynorsk og me fekk høre fleire av desse. Han gav oss også sjølvlagda gamle "poplåtar", slik som "Min beste ven på ein dårleg dag" og "Like til mi dør". Me fekk også høre heilt nye songar som kjem ut på neste plate. Tom Roger er ein dyktig musikar og ein god og lun historieforteljar.

Tom Roger Aadland vaks opp i Vikebygd. Sjølv om han har flytta til Austlandet har han halde på dialekten og nynorsken. Konserten han hadde i den kvite murkyrkja i heimbygda hans denne kvelden, samla tilhøyrarar frå fleire bygder i kommunen.



Speidarane deltok med flaggheising og inngangsprosesjon i kyrkja i Vikebygd, 17. mai. Fremst går Camilla Bjørnevik og Askev Winterhus Julsrød med flagg.

## Ølen



Fotograf Rolf Øyjord

Bak frå venstre: Sindre Mannes, Fredrik Korneliussen, Frank Stople, Erlend André Nøkland, Aleksander Stene Krogh, Erling Lien, Sebastian Nordahl  
Midten frå venstre: Kateket Britt Karstensen, Magnus Hiksdal Øglænd, Even Eide Ljosnes, Sander Tuft Øye, Jone Heggen, Kristina Steinsland Hals  
Tolleiv Helgesen, Paul Brændholen Ivesdal, Ruben Lunde, Mathias Hardeland Berge, prest Kari Vik Stuhaug. Foran frå venstre: Gerda-Sofie Poulsen  
Matre Stople, Camilla Totte, Sofie Henriksen, Thea Kirketeig, Inger-Helene Gordon Heggen, Yohanna Dereje

## Vats



Fotograf Nordtveit

## Vikedal



Frå venstre, bakerste rekke Håvard Skipevåg, L  
Harald Eintveit, Tord Grimås og Bjørn Cato Aarek  
Staurland, Liva Imsland, Ella Kristine Skipevåg T  
Hedda Gjerde og Liv Elene Haal

Ramme frå venstre: Karoline Alvilda Nesheim Tjelmeland, Karoline Ohm, Henriette Utaaker, Maria Velde. 2. rekke frå v.: Sokneprest Jon Ådnøy, Lars Martin Skålnes Blikra, Kamilla Rødde Nesheim, Gerd Cecilie Gjerde, Anna Haslemo, Kevin Christoffer Strand, Tore Alexander Woltersen. Bak frå v.: Trond Hauso Døvik, Mateusz Wojcik, Cilius Mohammed Mballow, Magne Nordtveit, Magnus Landa, André Nordtveit.

## Skjold



Fotograf Nordtveit

Framme frå venstre: Ingrid Handeland, Solveig Terese Fjeldheim, Frida Aase, Sina Krakk, Hedda Moe Skattkjær, Marita Vestre, Solveig Alme, Tina Hundhammar Ree  
Eirik Johnsen Eide, Odd Olav Mortveit, Heine Erik Hustveit, Dag Magnus Bakke, Kristian Nesheim, Olav Johan Haugen, Sander Kvinneland Rugtveit, Anders Håva  
Skjølingstad, sokneprest Jon Ådnøy.



nger, Nicholas Hoggett, Nes, Kate Evelyn Trovik, n, Celine Berntsen, Julie



Lars Christian Imsland, sokneprest skol. Framme, frå venstre: Veslemøy eit, Helene Skulerud, Stine Reimers, land Ananiassen.



d, Veslemøy Frøyland. Bak frå venstre: ardsholm, Alexander Førland, Martin

## KONFIRMANTAR 2017



Framme frå venstre: Ingrid Handeland (Skjold), Mari Larsen, Marlin Dommernes Einarsen, Ada Nagel-Alne, Mirjam Liiodden, Ingeborg Owe, Renate Frøvik Svendsbøe. Bak frå v.: André Hetland Fostenes, Even Larsen, Jørgen Vik, sokneprest Jon Ådnøy.



Framme frå venstre: Mathilde Gryte, Frida Louise Sørendå, Helene Ørnes, Alette Mattingdal, Ida Hårde, Nina Stople, Kristin Hustoft Skeie og sokneprest Harald Eintveit. Bak frå venstre: Erlend Matre, Ådne Kambe, Sondre Hamre Helgevold, Anbjørn Eilertsen Stople, Tore Skaar Toresen og Håkon Bakkedal.



Bak frå venstre: Kateket Britt Karstensen, Erlend Hetland, Eirik Håvarstein Lothe, prest Kari Vik Stuhaug. Framme frå venstre: Kristina Åsbø, Taletta Vestbø Reimers, Kristi Gjerde



Av Ingrid Mathilde Sørvåg

**Eg har lyst til å minna oss på det arbeidet Stefanusalliansen driv, at dei driv arbeid blant koptiske kristne på "søppelfjellet" i Kairo veit me. At Stefanusalliansen også driv arbeid for å sikra menneskerettar er kanskje ikkje like kjent?**

Alle menneske har rett til å ha ei tru.  
Alle menneske har rett til å skifta tru.  
Alle menneske har rett til å utøva trua si.

Slik kan me samanfatta Artikkel 18 i FN si fråsegn om menneskerettar frå 1948. Retten til religions- og trusfridom er blant dei heilt grunnleggjande menneskerettane.

Mange av oss her heime vil slita med å forklara ein egyptisk kristen korleis vi i praktisk liv tek på alvor at påska er den viktigaste kristne høgtida.

Egypts koptiske kristne utgjer Midtaustens største kristne minoritet – kring 10 prosent av folket. Dei lever i eit dobbelt forhold til styresmakten: Dei er gitt konstitusjonelt vern. I praksis slit dei med diskriminering i skuleverk, arbeidsliv, forvaltning og ved bygging av gudshus.

Kristne i Egypt er lovd støtte av president Sisi. Unntakstilstanden han har erklært, kan i verste fall berre forsterka valdsnivået. Den skvisen den koptiske minoriteten er i etter at paven deira støtta maktovertakinga til Sisi, blir brukt for alt den er verd av IS som vil ramme presidenten ved å drepa kristne.

I kva grad regimet som er under harde islamistiske angrep sjølv, verkeleg kan eller vil verna den kristne minoriteten, veit vi ikkje. Kampen mot terror er sjølvsagt komplisert. Men angrepa tærer på kristnes tillit til regimets evne til å verna dei.

Vi anar dessutan konturane av eit nytt skrekkelde: IS synest å ha flytta krigen sin til Egypt sidan dei er på vikande front i Syria og Irak. I desember sprengde ein sjølvmordsbombar frå IS 29 menneske ved den største

katedralen i Kairo.

I vinter drap IS-krigarar sju kristne i Sinai for å skremma alle kristne vekk. IS lovde fleire drap. På palmesundag kom dei. Skjærtorsdag blei så tre nye kristne hus brende ned i landsbyen Minya og ein 16-åring funnen med halsen skoren over i landsbyen Qai sør i Egypt.

Å arbeida for trusfridom er ein hard kamp i mange land. Ein kamp for å kunne leva ope med trua si, utan å måtte risikera overgrep, fengsling og tortur. For enkelte er det ein kamp på liv og død. I mange land sit truande menneske i fengsel eller blir forfølgde, diskriminerte eller pressa.

## Kvifor?

Dei har ei tru, skiftar tru eller utøver trua si på ein måte som ikkje blir akseptert av omgjevnadene. Dei aller fleste landa i verda har skrive under FN-fråsegna om menneskerettar og ulike internasjonale konvensjonar som vernar trusfridomen. Likevel mottar Stefanusalliansen dagleg rapportar om alvorlege krenkingar av denne grunnleggjande retten.

I område der menneskerettane generelt har därlege kår, der finn me som oftast også undertrykte og forfølgde kristne. Arbeidet for trusfridom og menneskerettar går derfor hand i hand med arbeidet for å hjelpe dei forfølgde trussøskena våre. Og der kor situasjonen for trusfridom blir betra, der blir normalt også den generelle situasjonen for menneskerettar betra.

Andrew Brunson (48) har sete i fengsel i Tyrkia sidan oktober 2016, skulda for å vera ein del av ein terroristorganisasjon.

Andrew og familien hans har budd og arbeidd i Tyrkia i over 20 år. Mellom anna har Andrew vore pastor i ein lokal kyrkjelyd. Då han og kona hans Norine skulle forlenga opphaldstillselsene sine i fjor vår, fekk dei aldri noko svar. I staden blei dei kalla inn til politistasjonen 7. oktober. Då dei møtte opp, blei begge to arresterte. Norine blei sett fri etter 12

dagar, medan Andrew blei halden igjen og har sete varetektsfengsla sidan den tid.

Paret har budd og arbeidd i Tyrkia dei siste 23 åra og har vore pastortar i ein liten kyrkjelyd i Izmir. Nå anklagar myndighetene Andrew for å vera knytt til ei terroristgruppe og siktar då til Fetullah Gülen og hans tilhengrarar, som myndighetene hevdar er terroristar og stod bak det mislukka statskuppet sommaren 2016. Dei baserer klagene mot han på ein hemmeleg informant.

Andrew har hatt svært avgrensa tilgang til advokat, og familien har bare fått besøke han nokre få gonger, sjølv om dei eigentleg har rett til besøk kvar veke. I byrjinga sat han heilt isolert.

Tyrkiske myndigheter har arrestert titusen av personar i kjølvatnet av kuppforsøket, alt frå politiske opposenter, militært personell og dommarar til journalistar og lærarar. Dei har også klaga fleire andre utanlandske pastorar for å utgjera ein trussel mot rikets sikkerhet. Mange er blitt nekta fornya oppholdstillatelse eller visum og blitt tvungne til å forlate landet. Men dette er første gongen nokon er blitt halden i fengsel over så lang tid med alvorlege klagemål mot seg.

**Du kan engasjera deg i dette ved å senda sms ROP til 2377.** Då skriv Stefanusalliansen ut eit brev med ditt namn på og sender brevet til den tyrkiske innanriksministeren. Det kostar kr 20,- per kampanjesak du er med på.

Du kan lesa meir om Stefanusalliansen på [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)



## Ølen kyrkjegard - Ny veg og parkering

Av Redaktøren

Det er utarbeida plan for ny parkeringsplass ved kyrkjegarden i Ølen, like ved Nerheimstunet. I sam-

band med dette blir det tilrettelagd ny gangveg opp frå kyrkja til denne parkeringsplassen, og ny bilveg inn frå oppsida. Det er sett av midlar til prosjektet i kommunebudsjettet og

planen er til handsaming i kommunestyret tysdag 23.mai. Framlegget vil innebere at den gamle gangstien og trappa vert stengd. Meir om dette seinare.

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en del av NLMVGS



Vi er en del av NLMVGS



## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60



## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døde	Døypte	Vigde
<b>Bjoa</b>			13.05. Edit Thormodsæter og Runar Vedå
<b>Imsland</b>	15.05. Tordis Døske	14.05. Kristoffer Arntsen Aksland	06.05. Silje Stephanie Skibevåg og Jan Olsen
<b>Ølen</b>	27.03. Anna Eide f. 1923 11.04. Aslaug Åsbø f. 1927	16.04. Olav Bjørnevik Lothe 14.05. Mats Gundersen	
<b>Skjold</b>	27.03. Olav Erling Byrkja f. 1930 30.03. Laura Kristine Håkull f. 1931	26.03. Lucas Sætre Kvinnnesland 09.04. Martin Stuhaug 09.04. Nikolay Fludal-Larsen 09.04. Jan Malvin Byrkja Dagsland	
<b>Vats</b>	02.05. Solveig Dorthea Velde f. 1942 08.05. Guri Aaserød f. 1953	21.05. Halvard Eikeland Vikstrand 21.05. Anna Larsen-Sjurseike	
<b>Vikebygd</b>	15.04. Bergit Lovise Østerlid f. 1924	14.05. Hanne Årvik 14.05. Norene Maurangsnes	
<b>Vikedal</b>		16.04. Ingrid Fosen Blikra 26.04. Kamila Cieslar 26.04. Oliwia Cieslar	

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
<b>4. juni</b> Pinsedag Joh 20, 19-23	11 11 11	Vikedal Vikebygd Bjøa	Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Kaffi. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Norges kristelige student- og skoleungdomslag.
<b>11. juni</b> Treeiningssønd. Matt. 28, 16-20	11 11 16	Vats/Refsnes Ølen Imsland	Friluftsgudsteneste. Dåp. Takkoffer: Global. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringa i Vindafjord.
<b>18. juni</b> 2. s. i treeiningstida Matt 3, 11-12	11 11	Sandeid bedehus Skjold/Likvik	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringa i Vindafjord. Familiegudsteneste. Dåp. Takkoffer: Acta.
<b>25. juni</b> 3. s. i treeiningstida Luk 14, 15-24	11 11 17	Vikedal Vats Ølen	Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Norsk Gideon. Josef Nilsen. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Livets Tre. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja.
<b>2. juli</b> 4. s. i treeiningstida Mark 10, 17-27	10 12	Bjøa Vikebygd	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Misjonshøgskulen Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
<b>9. juli</b> 5. s. i treeiningstida. Jer 23, 16-24	10 13	Imsland Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
<b>16. juli</b> 6. s. i treeiningstida Luk 5, 1-11	10 12	Ølen Vikedal	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Bibelskapet Rootsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Kyrkjekaffi. Soknemøte: Skal Vikedal kyrkjelyd overta Vikedal bedehus?
<b>23. juli</b> 7. s. i treeiningstida Luk 15, 1-10	10 12	Vats	Sandeid bedehus Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Menighetsfakultetet. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
<b>29. juli</b> Olsok	19	Vats	Vesper – kveldsgudsteneste. Pilegrimsvandring kl. 17.
<b>30. juli</b> 8. s. i treeiningstida Matt 6, 19-24	11 11	Skjold Ølen	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Bildøy
<b>6. aug.</b> 9. s. i treeiningstida Matt 11, 28-30	11	Imsland	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Maritastiftelsen.
<b>13. aug.</b> 10. s. i treeiningstida Luk 5, 27-32	10 12	Vats Vikedal	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Maritastiftelsen.
<b>20. aug.</b> 11. s. i treeiningstida Matt 23, 37-39	11 11 17	Ølen Sandeid Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord Familiegudst. Konf. pres. Takkoffer: Norsk Gideon. Josef Nilsen. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
<b>27. aug.</b> 12. s. i treeiningstida Efes 2, 1-10	11 11 17	Imsland Vikebygd Vats	Familiegudsteneste. Konf. pres. Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Familiegudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer. Familiegudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer: Israelsmisjonen.
<b>3. sept.</b> 13. s. i treeiningstida Matt 25, 14-30	11 11 11 16	Vikedal Skjold Ølen Bjøa	Familiegudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Familiegudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer. Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane.
<b>10. sept.</b> 14 s. i treeiningstida Matt 20, 1-16	11 11 16	Vats Ølen Sandeid	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer: Sambolabo. Gudsteneste. Høgmesse. Utsending fra NMS deltek.

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**



Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 7. september  
Frist for levering av stoff er  
12. august.

# MØTE OG ARRANGEMENT

## Vågen bedehus

4.6.	søndag	11:00	Høgtidsmøte Talar: Torleiv Åreskjold
7.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
10.6.	lørdag	20:00	Loftet
11.6.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Rolf Hauge
14.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
18.6.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Eirik Løland
21.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
25.6.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Per Ølfarnes
13.8.	søndag	13:00	Søndagsaktiviteten
16.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte
20.8.	søndag	11:00	Søndagsskule
20.8.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Gjermund Lygre
23.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte
27.8.	søndag	11:00	Søndagsmøte
30.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte
1.9.	fredag	19:30	Møte Talar: Torgeir Lauvås
2.9.	lørdag	11:00	Bibeltime Talar: Torgeir Lauvås
2.9.	lørdag	18:00	Generasjonssamling Talar: Torgeir Lauvås
3.9.	søndag	11:00	Søndagsskule
3.9.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Torgeir Lauvås
6.9.	onsdag	19:30	Møte, Misjon Sarepta
10.9.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM

## Bedehusa i Vats

1.6.	torsdag	20:00	Påfyll. Øvre Vats (Bønnemøte kl 19:30)
8.6.	torsdag	19:00	Misjonsstemne NMS Øvre Vats
23.8.	onsdag	19:30	Øvre Vats NMS
30.8.	onsdag	19:30	Blikrabygda Gideon
6.9.	onsdag	19:30	Kårhus NLM

## FamilieKRIK

17.-18.juni	Familiekrik Telttur.
-------------	----------------------

## Utbjoa bedehus

24.6.	laurdag	16:00	BASAR NMS
-------	---------	-------	-----------

## Kyrkjetunet i Ølen

Juni - Bønnesamling onsdag kl. 19:30 dei dagar det ikkje er anna arr.
Innvandrarsamling kvar Torsdag kl. 17:30.
Forbehold om endringar - sjå <a href="http://www.kyrkjetunet.no">www.kyrkjetunet.no</a>
6.6. tirsdag 17:00 Brubyggjar samling
16.6. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskveld

## Vikebygd bedehus

11.6. torsdag	19:30	Gladsong, Ingrid Hustoft Landro.
		Mykke god song og musikk.

31.8. torsdag	19:30	Gladsong
---------------	-------	----------

Hausten:

Venneklubben (Vikebygd søndagsskule) fortset til hausten.  
Sjå plakatar og info.lappar som kjem

## Basar - IIsvåg bygdahus

22.7. laurdag	19:00	Basar til N.M.S
---------------	-------	-----------------

## Bedehusa i Skjold

23.6. tysdag	Austrheim: St. Hansfeiring
--------------	----------------------------

## Misjonsstemne for NMS på Brandøy

23.aug. kl. 18:00.	Andakt av Roar Vik.	Song av KM-karane.
	Misjonsinformasjon.	Matøkt. Alle er hjartelag velkomne.

## Vikestølsmøte

Søndag 25. juni, fjellstemne på Vikestølen. Hovudtalar: Einar Steensnæs. Møtestart kl. 12:00 God veg å gå frå Elkås på Bjoa (45 minutt) frå Vikebygd (1 time + litt). Ta med niste og bli med til fjells.

## Sildajazz-konsert i Skjold kyrkje

fredag 11. august kl 19:00.	Sjå plakatar.
-----------------------------	---------------

## NMS Misjonsstemne for hele Vindafjord

Øvre Vats bedehus, torsdag 8. juni kl. 19:00. Misjonærane Solveig og Dag Johannessen fortel med tale, bilde og lyd om arbeidet dei har vore opptatt av i Thailand siste 18 år. Anne Marie Reimers fortel siste nytt frå «Solskinnsøya» Madagaskar, Bevertning, song og musikk. Kollekt. Alle er hjartelag velkomne!

## NMS Sommarfest og 175 års jubileum

og generalforsamling. 28. juni - 2. juli i Stavanger

Sjå her: [www.nms.no/sommarfest](http://www.nms.no/sommarfest)

## Olsok i Vats for kropp og sjel

### Vats kyrkje 29. juli

29. juli, minnedagen for Olav den heilage, blir i sommar markert i Vats med svært vakre tonar i kyrkja i kveldinga. Dei som vil, kan først vandra til kyrkja gjennom bygda i fylge med andre, med innlagde stoppar for å ta til seg av lukter, ord, utsyn og stille. Ein vesper, ei songbasert kveldsbøn, av den russiske komponisten Sergej Rachmaninov, blir sungen av eit mangestemming kor. Initiativtakar og drivkraft i dette er Per Egil Meling, som gjennom mange tiår har løfta fram kristen songtradisjon frå mange kjelder. Vesper-en blir framført på norsk. Pilegrimssturen startar klokka 17:00, kveldsbøna klokka 19:00.



## Leir på Stemnestaden

Stemnestaden leirstad ligg i Grinde i Tysvær. Her er det aktivitet heile året i form av leirar og weekendar, stemner, loppemarked, festar, temakveldar og uteleige av ulikt slag. Stemnestaden leirstad er eigd av Normisjon, og i desse dagar er det full planlegging av sommarleirar. Ennå er det ledig plass på alle leirane. Sjå oversikt nedanfor, og meld på.



### Barneleirar:

16.-18.juni Minileir. 4-7år i følgje med voksen

23.-25.juni Soul Children og sport. 5.-7.kl.

Mykke song og aktivitetar.

26.-28.juni Amigosleir 3. 1.-4.kl.

Måndag morgen til onsdag ettermiddag.

11.-13.august Bedre sammen.

Familie. Gruppa Twinkle frå Kongsvinger er med.

Påmelding til desse barneleirane skjer på nettsida [checkin.acta.as/rogaland](http://checkin.acta.as/rogaland). Lurer du på noko kan du ringja tlf.: 93833150 (mellan kl.8-15 mån-tors).

I tillegg blir det arrangert:

### 29.juni-2.juli Sommerleir for deg med psykisk utviklingshemming og andre over 18 år.

Deltakarar som må ha hjelp til personleg stell eller annan oppfølgjing, må ha ledsager med seg.

Påmelding innan 8.juni på tlf.: 98216185 (mellan kl.10-14 tys-tors). Lurer du på noko kan du ringja tlf.: 92621557.

### 1.-3.september Seinsommerleir for vaksne.

Tema: «Herre, gi meg dine øyne». På denne leiren er det tid til god song og musikk, undervisning, gruppessamlingar, utflukt/tur, og god mat.

Påmelding til Stemnestaden tlf.:97589956/98216182 eller mail til [stemnestaden@normisjon.no](mailto:stemnestaden@normisjon.no)

## Fellesmøte i Aksdal kyrkje

med sangevangelistane Irene Krokeide Alnes og Marit Stokken . Torsdag 17. august til søndag 27. august. Møtetid kl. 19:30 (bønn kl. 19:00). Takk til deg som hugsar møtene i bønn. Hjartelag velkommen!

## Innbjoa bedehus

7.6. onsdag	Sommaravslutning med grilling (sjå plakat)
14.6. onsdag	19:30 Bønnemøte
15.6. torsdag	10:30-12:00 Formiddagstreff

# Søndags-skule og FamilieShow



Av Steinar Skartland

**Ei tverrkirkjeleg dugnadsgruppe med Anne Lise Brekke Lien i spissen fekk Chris Duwe til Ølen laurdag 13. mai. Her hadde han sitt familieshow med søndags-skulepreg på kulturhuset for godt over 200 born og vaksne.**

Chris, som er tilknyttt organisasjonen «Ungdom i Oppdrag», har familieshowet som eit prosjekt og har dette oftast ute frå ein bil. I Ølen vart det inne i kulturhuset, der han hadde med seg ungdomar frå Hønefoss og fleire lokale born som dansarar og medhjelparar på scena. Dei flinke borna hadde øvd seg heime ved hjelp av CD'ar. I showet var det rom både for humor og bibelhistorie, formidla gjennom forteling, song, dans og ikkje minst gjennom bruk av dei store dokkene som Chris brukar. Ekte buktalkunst har han godt tak på og er stemma til dokka Øystein. Chris

fortel at dei er eit team på to som arbeider med Øystein-prosjektet. I tillegg til å lage CD plater så legg dei også ut filmar på Facebook og YouTube som alle kan få sjå. Målet er å dela ut gratis CD'ar til norske barn. Sjølv om Øystein-dokka er sentral i showet så er Jesus den verkelege helten i den han formidlar.

Ute i gangen hadde søndagsskulen stilt seg opp med stand, representert med krinssekretær Elisabeth Fauskanger og søndagsskulelærar Gunbjørg Nesbu og fleire andre. Dei delte ut søndagsskuleblad, informasjon og CD-plater. Dei siste åra har talet på søndagsskular i krinsen lege nokså konstant på 80, fortel Elisabeth. Nokre har valt andre dagar enn søndagen, og kanskje også andre former, som klubb, kor med meir.

Øystein-Showet var eit flott arrangement som dei vonar vil inspirere til deltaking i søndagsskularbeidet.



Søndagsskulen på stand.



Chris og dokka Øystein

# Vennekonserten i Skjold kyrkje

Av redaksjonen

Foto: Hanne Haraldseide Brekke

Kyrkja i Skjold var mest fullsett 4. mai då det var vennekonsert. Dei tre kora: Joy (5.-7. klasse i Skjold), Skjold barnekor (4. år og opp til 5. klasse) saman med Vats miniklang stilte opp i lag og song til glede for alle som kom til kyrkja denne kvelden.

